

KOMMISJONSVEDTAK

av 24. oktober 1995

om gjennomføring av artikkel 20 nr. 2 i rådsdirektiv 89/106/EØF om byggjevarer(*)

(Tekst som er relevant for EØS)

(95/467/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESKAPA HAR -

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 89/106/EØF av 21. desember 1988 om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter om byggevarer⁽¹⁾, endra ved direktiv 93/68/EØF⁽²⁾, særleg artikkel 13, og

ut frå desse synsmåtene:

I artikkel 13 nr. 3 i direktiv 89/106/EØF er det fastsett to ulike framgangsmåtar for samsvarsattestering av ei vare. Etter artikkel 13 nr. 4 skal Kommisjonen avgjere, etter samråd med Det faste byggeutvalet, kva framgangsmåte i artikkel 13 nr. 3 som skal nyttast for ei viss vare eller varegruppe.

Valet av framgangsmåte må gjerast etter dei kriteria som er fastsette i artikkel 13 nr. 4.

I artikkel 13 nr. 4 er det fastsett at Kommisjonen i kvart tilfelle skal velje den framgangsmåten som «er minst kostnadskrevende og samtidig forenlig med hensynet til sikkerheten»; dette tyder at det for ei viss vare eller varegruppe må avgjerast om det er eit naudsynt og tilstrekkeleg vilkår for samsvarsattestering at det ved fabrikk finst eit system for produksjonskontroll som produsenten har ansvaret for, eller om det for visse varer bør nyttast eit godkjent sertifiseringsorgan for å stette dei kriteria som er nemnde i artikkel 13 nr. 4.

Etter artikkel 13 nr. 4 skal den framgangsmåten som såleis vert fastsett, først opp i mandata og i dei tekniske spesifikasjonane. Difor bør varene eller varegruppene definerast slik dei vert nytta i mandata og i dei tekniske spesifikasjonane.

Dei to framgangsmåtene som er nemnde i artikkel 13 nr. 3, er utførleg omtala i vedlegg III til direktiv 89/106/EØF. Det må difor for kvar vare eller varegruppe gå tydeleg fram, ved tilvising til vedlegg III, etter kva metodar dei to framgangsmåtene skal gjennomførast, ettersom visse system er gjevne førerang i vedlegget.

Den framgangsmåten som er nemnd i artikkel 13 nr. 3 bokstav a), svarar til systema i vedlegg 3 nr. 2 ii) første alternativ utan jamleg tilsyn, andre og tredje alternativ, medan den framgangsmåten som er nemnd i artikkel 13 nr. 3 bokstav b), svarar til systema i vedlegg 3 nr. 2 i) og ii) første alternativ med jamleg tilsyn.

Det faste byggeutvalet er vorte rådspurt i samsvar med artikkel 13 og etter føresegnene i artikkel 20 og gav ei positiv fråsegn 27. september 1995 -

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Dei varene og varegruppene som er oppførde i vedlegg 1, skal samsvarsattestert etter ein framgangsmåte der produsenten har eineansvaret for eit system for produksjonskontroll ved fabrikk som sikrar at varene er i samsvar med dei aktuelle tekniske spesifikasjonane.

Artikkel 2

Dei varene som er oppførde i vedlegg 2, skal samsvarsattestert etter ein framgangsmåte der det i tillegg til det systemet for produksjonskontroll som finst ved fabrikk og produsenten har ansvaret for, vert nytta eit godkjent sertifiseringsorgan til å vurdere og føre tilsyn med produksjonskontrollen eller sjølvje vara.

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT L 268, 10.11.1995, s. 29, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 51/98 av 29. mai 1998 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(¹) TEF nr. L 40 av 11.2.1989, s. 12.

(²) TEF nr. L 220 av 30.8.1993, s. 1.

Artikkel 3

Framgangsmåten for samsvarsattestering i medhald av vedlegg 3 skal gå fram av standardiseringsmandata.

Artikkel 4

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfærdet i Brussel, 24. oktober 1995.

For Kommisjonen

Martin BANGEMANN

Medlem av Kommisjonen

VEDLEGG 1

- Skorsteinar, røykkanalar og særskilde varer: skorsteinssetter.
- Gipsvarer: gipsplater, blokker, himlingselement og gips puss, medrekna relevante tilhøyrsvarer som ikkje er nemnde i vedlegg 2.
- Berelag: alle typar berelag som er meinte for bruk i byggje- og anleggsarbeid der krava til kvart einskilt lag ikkje er avgjerande⁽¹⁾.

VEDLEGG 2

- Skorsteinar, røykkanalar og særskilde varer: prefabrikkerte skorsteinar (element i etasjehøgde), røykkanalføringar (element eller blokker), skorsteinar med fleire vegger (element eller blokker), skorsteinsblokker med enkel vegg, modular for frittståande og veggfaste skorsteinar.
- Gipsplater og tyntlaminerte himlingselement, fiberhaldige gipsplater og komposittplater (laminerte) som inneheld materiale i euroklasse A, B eller C og har ei yting ved brannpåverknad som kan endre seg under produksjonsprosessen, og der det iblanda materialet er å finne på ei overflate som kan verte utsett for brann, medrekna relevante tilhøyrsvarer som er meinte for bruk i vegger, skiljevegger eller himlingar (eller kledningar i himlingar) som er underlagde krav til yting ved brannpåverknad.
- Berelag: alle typar berelag for bruk i byggverk der krava til kvart einskilt lag er avgjerande⁽²⁾.

⁽¹⁾ «Ikkje avgjerande» tyder at dersom laget bryt saman og tilhøva er normale, kan desse krava ikkje setje bygningen eller delar av han i ein tilstand utover bruksdugleiken og brotsgrensa.

⁽²⁾ «Avgjerande» tyder at dersom laget bryt saman, kan desse krava setje bygningen eller delar av han i ein tilstand utover bruksdugleiken og brotsgrensa.

VEDLEGG 3

VAREGRUPPE:

SKORSTEINAR, RØYKKANALAR OG SÆRSKILDE BYGGJEVARER (1/1)**System for samsvarsattestering**

For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert Den europeiske standardiseringsorganisasjonen (CEN) og Det europeiske utvalet for elektroteknisk standardisering (CENELEC) oppmoda om å spesifisere følgjande system for samsvarsattestering i gjeldande harmoniserte standard eller standardar:

Vare(r)	Tiltenkt bruk	Nivå eller klasse/klassar (brannmotstand) ⁽¹⁾	System for samsvarsattestering
Prefabrikkerte skorsteinar (element i etasjehøgde), røykkanalføringar (element eller blokker), skorsteinar med fleire vegger (element eller blokker), skorsteinsblokker med enkel vegg, modular for frittstående og veggfaste skorsteinar	Skorsteinar	A	2+ ⁽²⁾
Skorsteinshetter	Skorsteinar	A - B	4 ⁽³⁾

⁽¹⁾ For yting ved brannpåverknad, sjå kommisjonsvedtak 94/611/EF (TEF nr. L 241 av 16.9.1994, s. 25).

⁽²⁾ System 2+: Sjå byggjeverdirektivet (BVD), vedlegg III nr. 2 ii), første alternativ, medrekna prov på at eit godkjent organ utfører produksjonskontroll ved fabrikk på grunnlag av jamleg tilsyn, vurdering og godkjenning.

⁽³⁾ System 4: Sjå BVD, vedlegg III nr. 2 ii), tredje alternativ.

Spesifikasjonane for systemet skal vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje ytinga til ei vare fordi det i minst éin medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå artikkel 2 nr. 1 i BVD og eventuelt nr. 1.2.3 i basisdokumenta). I slike tilfelle kan produsentane ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom dei ikkje ønskjer å opplyse om kva yting vara har på dette området.

VAREGRUPPE:

GIPSVARER (1/4)

System for samsvarsattestering

For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert CEN og CENELEC oppmoda om å spesifisere følgjande system for samsvarsattestering i gjeldande harmoniserte standard eller standardar:

Vare(r)	Tiltenkt bruk	Nivå eller klasse/klassar (brannmotstand) ⁽¹⁾	System for samsvarsattestering
Gipsplater og tynnlaminerte himlingselement, fiberhaldige gipsplater og komposittplater (laminerte) der det iblanda materialet er å finne på ei overflate som kan verte utsett for brann, medrekna relevante tilhøyrsvarer	I vegger, skiljevegger eller himlingar (eller kledningar i himlingar) som er underlagde krav om yting ved brannpåverknad	A - B - C ⁽²⁾ A - B - C ⁽³⁾ D - E - F	1 ⁽⁴⁾ 3 ⁽⁵⁾ 4 ⁽⁶⁾

⁽¹⁾ For yting ved brannpåverknad, sjå kommisjonsvedtak 94/611/EF.

⁽²⁾ Materiale i klasse A, B eller C der ytinga ved brannpåverknad kan endre seg under produksjonsprosessen (gjeld vanlegvis materiale som er framstilte av brennbare råstoff) eller er vorten endra ved iblanding av visse stoff, t.d. brannhemmande midlar.

⁽³⁾ Materiale i klasse A, B eller C der ytinga ved brannpåverknad ikkje kan endre seg under produksjonsprosessen (gjeld vanlegvis materiale som er framstilte av ikkje-brennbare råstoff).

⁽⁴⁾ System 1: Sjå BVD, vedlegg III nr. 2 i), utan stikkprøvekontroll.

⁽⁵⁾ System 3: Sjå BVD, vedlegg III nr. 2 ii), andre alternativ.

⁽⁶⁾ System 4: Sjå BVD, vedlegg III nr. 2 ii), tredje alternativ.

Spesifikasjonane for systemet skal vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje ytinga til ei vare fordi det i minst éin medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå artikkel 2 nr. 1 i BVD og eventuelt nr. 1.2.3 i basisdokumenta). I slike tilfelle kan produsentane ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom dei ikkje ønskjer å opplyse om kva yting vara har på dette området.

VAREGRUPPE:

GIPSVARER (2/4)

System for samsvarsattestering

For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert CEN og CENELEC oppmoda om å spesifisere følgjande system for samsvarsattestering i gjeldande harmoniserte standard eller standardar:

Vare(r)	Tiltenkt bruk	Nivå eller klasse/klassar (brannmotstand) ⁽¹⁾	System for samsvarsattestering
Gipsplater, blokker, himlings-element og gips puss, medrekna relevante tilhøyrsvarer	I vegger, skiljevegger eller himlingar med sikte på vern mot brann i berande element og/eller inndeling i brannceller	Alle	3 ⁽¹⁾

⁽¹⁾ System 3: Sjå BVD, vedlegg III nr. 2 ii), andre alternativ.

Spesifikasjonane for systemet skal vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje ytinga til ei vare fordi det i minst éin medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå artikkel 2 nr. 1 i BVD og eventuelt nr. 1.2.3 i basisdokumenta). I slike tilfelle kan produsentane ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom dei ikkje ønskjer å opplyse om kva yting vara har på dette området.

VAREGRUPPE:

GIPSVARER (3/4)

System for samsvarsattestering

For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei, vert CEN og CENELEC oppmoda om å spesifisere følgjande system for samsvarsattestering i gjeldande harmoniserte standard eller standardar:

Vare(r)	Tiltenkt bruk	Nivå eller klasse/klassar (brannmotstand) ⁽¹⁾	System for samsvarsattestering
Gipsplater, medrekna relevante tilhørsvarer	Til avstiving av vindlastberande vegger med bindingsverk av tre eller takstolar av tre	—	3 ⁽¹⁾

⁽¹⁾ System 3: Sjå BVD, vedlegg III nr. 2 ii), andre alternativ.

Spesifikasjonane for systemet skal vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje ytinga til ei vare fordi det i minst éin medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå artikkel 2 nr. 1 i BVD og eventuelt nr. 1.2.3 i basisdokumenta). I slike tilfelle kan produsentane ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom dei ikkje ønskjer å opplyse om kva yting vara har på dette området.

VAREGRUPPE:

GIPSVARER (4/4)

System for samsvarsattestering

For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert CEN og CENELEC oppmoda om å spesifisere følgjande system for samsvarsattestering i gjeldande harmoniserte standard eller standardar:

Vare(r)	Tiltenkt bruk	Nivå eller klasse/klassar (brannmotstand) ⁽¹⁾	System for samsvarsattestering
Gipsplater, blokker, himlings-element og puss, medrekna relevante tilhørsvarer	I vegger, skiljevegger eller himlingar ved tilfelle og bruksmåtar som ikkje er nemnde i (1/4), (2/4) eller (3/4)	—	4 ⁽¹⁾

⁽¹⁾ System 4: Sjå BVD, vedlegg III nr. 2 ii), tredje alternativ.

Spesifikasjonane for systemet skal vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje ytinga til ei vare fordi det i minst éin medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå artikkel 2 nr. 1 i BVD og eventuelt nr. 1.2.3 i basisdokumenta). I slike tilfelle kan produsentane ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom dei ikkje ønskjer å opplyse om kva yting vara har på dette området.

VAREGRUPPE:

BERELAG (1/1)**System for samsvarsattestering**

For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert CEN og CENELEC oppmoda om å spesifisere følgjande system for samsvarsattestering i gjeldande harmoniserte standard eller standardar:

Vare(r)	Tiltenkt bruk	Nivå eller klasse/klassar (brannmotstand) ⁽¹⁾	System for samsvarsattestering
Berelag	I byggverk der krava til kvart einskilt lag er avgjerande ⁽¹⁾		1 ⁽³⁾
	I byggverk der krava til kvart einskilt lag ikkje er avgjerande ⁽²⁾		3 ⁽⁴⁾

⁽¹⁾ «Avgjerande» tyder at dersom laget bryt saman, kan desse krava setje bygningen eller delar av han i ein tilstand utover bruksdugleiken og brotsgrensa.

⁽²⁾ «Ikkje avgjerande» tyder at dersom laget bryt saman og tilhøva er normale, kan desse krava ikkje setje bygningen eller delar av han i ein tilstand utover bruksdugleiken og brotsgrensa.

⁽³⁾ System 1: Sjå BVD, vedlegg III nr. 2 i), utan stikkprøvekontroll.

⁽⁴⁾ System 3: Sjå BVD, vedlegg III nr. 2 ii), andre alternativ.

Spesifikasjonane for systemet skal vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje ytinga til ei vare fordi det i minst éin medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå artikkel 2 nr. 1 i BVD og eventuelt nr. 1.2.3 i basisdokumenta). I slike tilfelle kan produsentane ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom dei ikkje ønskjer å opplyse om kva yting vara har på dette området.